



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 22.11.2017

**Sak nr.:** 17/6014-4

**Internt l.nr.** 44686/17

**Sak:** 125/17

**Tittel:** Grensejustering Hornindal kommune og Stryn kommune.

**Behandling:**

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om ei justering av kommunegrensa mellom Hornindal og Stryn kommunar, slik at Kjøs grunnkrins inkl. Markane vert ein del av Stryn kommune.
2. Stortinget vedtok 08.06.17 at Hornindal og Volda kommunar vert slegne saman med verknad frå 01.01.2020. Ei grensejustering som flyttar grunnkrinsen Kjøs inkl. Markane frå Hornindal til Stryn fører til at innbyggjarane i krinsen også i framtida vert innbyggjararar i Sogn og Fjordane, og seinare vert inkluderte i den nye fylkeskommunen der Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg vekt på det samla utgreiingsarbeidet som er gjort i tilknytning til forslaget om ei slik grensejustering. Vi legg særleg stor vekt på at grensejusteringa vil kunne få konsekvensar for framtidige kommunikasjonar og det fylkeskommunale tenestetilbodet i Nordfjord.